



Hordaland fylkeskommune kultur og idrettsavdelinga
Postb. 7900

5020 BERGEN

Vår ref.
14/75-110/N-000//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
01.10.2014

Høyringsuttale frå Kvam herad til regional kulturplan 2015-2025.

Kvam heradsstyre har i sitt møte 30.09.2014 vedteke følgjande høyringsuttale frå Kvam herad:

Kvam herad sender høyringsuttale for Regional kulturplan 2015-2025 til Hordaland fylkeskommune, med dei 18 punkta nemnde under. Kvam herad stiller seg også bak Kvam idrettsråd sitt høyringsinnspel (vedlagt).

1. Høyringsutkastet til Regional kulturplan 2015-2025 er eit fyldig dokument, som vil kunna vera eit bidrag til å setja kultur som politikkområde høgare på dagsordenen. Namnet på planen – PREMISS: KULTUR – gjev eit signal om at Hordaland fylkeskommune ynskjer å prioritera kultur ut frå kulturen sin eigenverdi. Det er opplagt at kultur også kan brukast som eit instrument for å gje gevinst på andre samfunnsområde. Kvam herad meiner det er viktig å slå fast at dette ikkje skal vera hovudargument for satsing på kultur. I det store biletet har kultur ofte vore ein ikkje-obligatorisk rekvisitt i samfunnsbygginga. Kvam herad gjev si tilslutning når Regional kulturplan 2015-2025 set kultur som ein premiss for utviklinga av samfunnet.
1. Planen omhandlar ei rekkje fagområde innan kulturfeltet, også idrett og friluftsliv. Samstundes har planen ei lang verketid, 2015-2025. Med eit slikt utgangspunkt er det utfordrande å laga ein plan som har eit hendig og brukarvenleg omfang. Det har ein heller ikkje fullt ut greidd så langt. Høyringsutkastet er for ordikt, og ofte går ein unødvendig detaljert til verks. Samstundes kunne prioriteringane vore tydelegare. Med alle sine fragment, kan planen oppfattast som diffus, og han vil kunna få lågare bruksverdi enn det han potensielt kan ha. Kvam herad tilrår at den endelege planen vert kortare og meir konkret, med tydelegare prioriteringar.
2. Gjennom heile planprosessen har det frå ulike hald kome innspel om at fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skulle hatt sin eigen plan, i staden for å vera ein del av ein stor kulturplan. Kvam herad legg til grunn at diskusjonen om dette er avslutta, og at dei nemnde fagområda skal vera ein del av den regionale kulturplanen. Planen nyttar eit vidt kulturomgrep, der fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er inkludert. Likevel vil ein i lesinga av planen kunna oppleva at desse områda kjem i skuggen når ein brukar ordet kultur. Ikkje minst er dette tilfelle i dei kulturpolitiske måla for Hordaland, kap. 1.4.

3. Hordaland fylkeskommune vurderer å endra driftstilskota til kultur frå å vera faste, årlege til å verta tidsavgrensa, med ulike alternative tilskotsordningar. Kvam herad rår til at Hordaland fylkeskommune ikkje gjennomfører ei slik endring ved driftstilskota. Årleg søknad og rapportering bør gje grunnlag for å seia om kulturverksemda utfører sitt oppdrag tilfredsstillande.
4. I skildringa av innsatsområde seier planen at Hordaland fylkeskommune sitt engasjement for kulturhus med regionale funksjonar skal utviklast vidare, og at planar om regionale kulturhus i fleire av regionsentra må sjåast i samanheng med Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Dette meiner me bør følgjast meir konkret opp i handlingsprogrammet til kulturplanen. Kvam har planar om regionalt kulturhus i Norheimsund, og me ynskjer at handlingsprogrammet slår fast at dette skal realiserast.
5. Hardanger fartøyvernssenter er ei viktig kulturbedrift i Kvam, og innan fartøyvern er dette ein vesentleg aktør i Hordaland, så vel som nasjonalt og internasjonalt. Maritim kultur og fartøyvern har fått ein del plass i høyringsutkastet, men bør får endå meir tyngd i den endelege planen. Dette er eit kulturområde der Hordaland har sterke tradisjonar og stor aktivitet, og i tråd med UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv har Hordaland fylkeskommune eit særleg ansvar for å styrka arbeidet som vert gjort innan fartøyvern. Hordaland skal vera i fremste rekke internasjonalt på handlingsborene kunnskap innan dette fagfeltet, og Hardanger fartøyvernssenter har ei naturleg rolle som hovudkvarter for satsinga, som eitt av dei tre nasjonale senter for fartøyvern i Noreg.
6. På side 51 i planutkastet er det gode arbeidet til Harding Puls og Messen nemnt. Under «Kompetanse» på side 41 er det vist til ein del andre nettverksorganisasjonar (Proscen, VISP, Brak), og det står: «I planperioden bør det satsast på denne typen nettverksorganisasjonar, og sikrast at dei arbeider fylkesomfemnande.» Her fell Harding Puls utanfor, i og med at denne organisasjonen primært femner om hardangerkommunane. Her bør det opnast for at det også skal satsast på nettverksorganisasjonar som Harding Puls, som femner om fleire kommunar, men ikkje heile fylket. Konkret kan setninga over endrast til: «I planperioden bør det satsast på denne typen nettverksorganisasjonar, og sikrast at dei arbeider regionalt eller fylkesomfemnande.»
7. Når det gjeld Messen, vil ei satsing på dette ha dekning i handlingsprogrammet under tiltak 27 E: «Internasjonalisering; vidareutvikle kunstfeltet gjennom m. a. internasjonal utveksling og gjestekunstnarordningar.» Men me skulle gjerne sett at kulturplanen/handlingsprogrammet var så konkret at det vart sagt eksplisitt at det skal satsast på Messen, som eit av dei mest internasjonale prosjekta fylket har utanom Bergen.
8. Kvam herad har store lokalhistoriske samlingar av dokument, foto og gjenstandar som ikkje er tilgjengeleg. Slik me også melde i høringa til planprogrammet, er det trøng for utvikling av publiseringssverktøy for foto og dokument. Dette kan vera eit felles verktøy for kommunane, som kommunane sjølv kan implementera og handtera.
9. Høyringsutkastet tek til orde for at det vert oppretta lokale amatørkulturråd. Me trur at dette, i alle høve i mindre kommunar, kan verta meir ei bør enn eit gode. Det vert endå eit styre å rekruttera til. Me trur det vil meir effektivt å styrka den rolla kommunen alt har som støttespeler og rådgjevar for det frivillige kulturarbeidet.

10. Til planprogrammet melde Kvam herad at dette mangla fokus på kulturskulen. Me er nøgd med at kulturskulen har fått ein heil del merksemد i utkastet til regional kulturplan, og støttar argumenta for å overføra kulturskulen frå Kunnskapsdepartementet til Kulturdepartementet. Kvam herad overførte våren 2014 vår kulturskule frå skule- til kulturavdelinga. I handlingsplanen sitt kapittel 5.7, tiltak A. Styrke kvaliteten i estetiske fag i skulen gjennom vidareutvikling av SamSpel Hordaland – bør det førast inn at Norsk kulturskoleråd er partnar i prosjektet, sidan dei alt er det.
 11. Ungdomsgruppa har fått meir merksemد i planutkastet enn i planprogrammet, men planen syner for lite forståing for dei som ikkje trivst i det organiserte kulturlivet. Handlingsprogrammet har mest vekt å trekka ungdom inn i lag og organisasjonar, og legg for lite opp til å skapa arenaer og møteplassar for dei som ikkje kjänner seg heime i det organiserte kulturlivet.
 12. Hordaland har ein del veldrivne kunstnarheimar som er ein del av museumsvesenet (som Troldhaugen, Siljustøl, Lysøen), i tillegg til kunstnarheimar som er i privat eige. Me kan ikkje sjå at satsing på kunstnarheimar er nemnt i kulturplanen, slik det er i museumsplanen Musea i samfunnet (2011) – som kulturplanen skal avløysa. Temaet kunstnarheimar bør handsamast i kulturplanen, og i den samanheng bør Geirr Tveitt sin kunstnarheim i Norheimsund nemnast som eit potensielt satsingsobjekt.
 13. Me meiner også at Jon Fosse er ein Hordalands-forfattar av slikt format at han burde vere nemnt i planen, og at det vert opna opp for formidlingstiltak rundt Fosse sin forfattarskap, med base både i Bergen og Kvam.
 14. Kvamskogen er eitt av dei viktigaste idretts- og rekreasjonsområda i Hordaland, og kulturplanen burde leggja meir vekt på å utvikla dette området, både gjennom strategiar og tiltak.
 15. Kvam idrettsråd har utarbeidd eige høyringssinnspel som vert sendt innan høyingsfristen. Kvam herad stiller seg bak Kvam idrettsråd sin bodskap.
 16. I sin gode argumentasjon for å styrka nynorsken, peikar planutkastet på at med unntak av bergensdialekten ligg taalemåla i Hordaland nærmest det nynorske skriftspråket. Me vil peika på at dialektane i Hordaland, bortsett frå bergensdialekten, også nesten utelukkande har a-infinitiv. Difor bør nynorsken Hordaland fylkeskommune brukar, i den regionale kulturplanen og elles, vera den hordlandske varianten av nynorsk, med a-infinitiv.
 17. Alle menneske, også menneske med nedsett funksjonsevne, har stor nytte og glede av ulike kulturtilbod. Hordaland Fylkeskommune skal leggja til rette for eit mangfold av kulturtilbod som gjev livskvalitet og fremjar helse for alle.
-

Då høyringsfristen var før Kvam heradsstyre hadde halde sitt møte 30.09.2014, var det Kvam FSK som kom med høyringsuttale med etterhald om endringar. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Kvam hadde sitt møte torsdag 25.09.2014 og sendte inn ein eigen uttale til planen. Kvam heradsstyre vedtok å inkludere uttalen frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Kvam i sin høyringsuttale som eit punkt 18.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Leiar politisk sekretariat
Telefon: 56553022
Epost: kwvi@kvam.kommune.no